

---

Saknr: 2020/45506-1  
Saksbehandlar Janne Dokken  
Dato: 26.03.2020

---

---

**Til:** Sekretariatet for Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **FORVALTNINGSREVISJON INNAN TRANSPORTORDNING FOR FUNKSJONSHEMMA .**

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bestilte i sak PS 6/19 ein forvaltningsrevisjon av transportordninga for funksjonshemma i Hordaland fylke. Basert på rapporten frå undersøkinga, vart det gjort følgjande vedtak i fylkestinget 01.10.2019.

*På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etableringa av Vestland fylkeskommune:*

- 1) Etablere skriftelege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning.*
- 2) Sikre at informasjon gitt til søkjarane, er korrekt og i samsvar med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga.*
- 3) Vurderer om søknadsskjema og legeerklæringsskjema er tilpassa alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar likebehandling uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemming.*
- 4) Vurdere å utbetre statestatikken som blir ført over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda.*
- 5)Greie ut nærmare kva behandlingsgrunnlag fylkeskommunen har for å behandle helseopplysningar i samband med behandling av søknader om TT-godkjenning, og sikrar at alle søkjarar signerer personvernerklæringa dersom behandlingsgrunnlaget skal vere samtykke frå den enkelte brukar.*
- 6)Etablere rutinar for melding av avvik og oppfølging av desse som ein del av forbetningsarbeidet.*
- 7) Vurdere tiltak for å styrke involveringa av brukarorganisasjonar i utviklinga av TT-ordninga og nytte innspel frå brukarane til evaluering og forbetring av*

tenesta. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane

Vestland fylke er i prosess med å slå saman tenesta TT-transport for Hordaland og Sogn og Fjordane. Dato for samanslåing er 01.01.2021. Målet for arbeidet er å effektivisere og digitalisere sakshandsaminga. For å få eit best mogleg resultat, samarbeider vi med digitaliseringsavdelinga og innkjøpsavdelinga. Vi har i tillegg teke kontakt med eksterne aktørar, som vi meina kan bidra inn i arbeidet for å få ei best mogleg teneste for brukar, blant desse er brukarorganisasjonar som Blindeforbundet og FFO.

I arbeidet med å utarbeide ny forskrift og nye rutinar for tenesta, vil tilrådingane i forvaltningsrevisjonen bli brukt som grunnlag for arbeidet.

Fylkesrådmannen vart i fylkestingsvedtak (sak 66/2019) bedden om å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga. Handlingsplanen er vist i dette notatet.

## Handlingsplan:

Tilråding	Tiltak	Ansvarleg	Status
Etablere skriftlege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning for å sikre at praksis for saksbehandling av søknader samsvarer med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga	Utarbeida eitt sett rutinar i samsvar med vedtaket	Seksjonsleiar Janne Dokken	Det er utarbeida skriftlege rutinar for tenesta i tidlegare HFK no VLFK.  I samband med at teneste blir slått saman frå 01.01.21, blir det utarbeida nye skriftlege rutinar.
Sikre at informasjon gitt til søkjarane, mellom anna i brev og på fylkeskommunen sine nettsider, er korrekt og i samsvar med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga.	Gå gjennom rutinar og oppdatera nettsider og brevmalar	Seksjonsleiar Janne Dokken	Gjennomført
Vurdere om søknadsskjema og legeerklæringsskjema er tilpassa alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar at dei legger til rette for likebehandling av søknader uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemming.	Gå gjennom søknadsskjema og gjera tilpassingar som sikrar likebehandling av søknader.	Seksjonsleiar Janne Dokken	Er i prosess. Skal ferdigstillast innan 1.1.2021 når heile VLFK skal samlast i eitt system.

Utbetne statistikken som blir ført over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda	Det skal etablerast ei rutine/system for registrering av klager, som blir endra utan behandling i klagenemnda.	Seksjonsleiar Janne Dokken	Er i prosess. Skal ferdigstillast innan 1.1.2021 når heile VLFK skal samlast i eitt system.
Greie ut nærmare kva behandlingsgrunnlag fylkeskommunen har for å behandle helseopplysningar i samband med behandling av søknader om TT-godkjenning, og sikrar at alle søkjarar signerer personvernerklæringa dersom behandlingsgrunnlaget skal vere samtykke frå den enkelte brukar.	Heimel for å handsama personopplysningar er greidd ut i forhold til Personopplysningslova.  Rutinane for at alle søknader skal ha signert personvernerklæring er innskjerpa.	Seksjonsleiar Janne Dokken	Er ferdigstilt.
Etablere rutinar for melding av avvik og oppfølging av desse som ein del av forbetningsarbeidet.	Det skal etablerast rutinar for melding om avvik og oppfylging av desse.	Seksjonsleiar Janne Dokken	Blir slutført i løpet av 2 kvartal.
Vurdere tiltak for å styrke involveringa av brukarorganisasjonar i utviklinga av TT-ordninga og nytte innspel frå brukarane til evaluering og forbetring av tenesta.	Det er lagt planar for korleis brukarorganisasjonane i større grad kan involverast i utviklinga av TT-ordninga, gjennom innspelsrundar og faste møte.	Seksjonsleiar Janne Dokken	Det er oppretta kontakt og avtalt møte med brukarorganisasjonar for å få innspel og avtale samarbeid.